


Korleis gjere søk i det digitale fylkesarkivet

I det digitale fylkesarkivet finn du historiske foto, musikk, brev og audiovisuelt arkivmateriale, som er tilgjengeleg for publikum i ei felles søketeneste. I denne rettleinga finn du ei oversikt over samsøket, og tips til korleis du kan gjere søk for å få gode resultat når du utforskar det digitaliserte materialet vårt.

Samsøket finn du på nettadressa **fylkesarkivet.vestlandfylke.no**, og då kjem du til denne portalsida:




Søkefeltet søker på tvers av materialtypene. Du kan også klikke direkte på dei enkelte mappene.

I **søkefeltet** kan du søke på til dømes stadnamn, personnamn og emneord. Du vil då få treff i dei ulike mappene, dersom desse har relevant innhald. Du kan søke på eitt enkelt ord, eller fleire ord med mellomrom.

- **Obs:** det første søket ditt vert ståande i søkefeltet når du navigerer vidare på sida, og vil påverke nye søk. Du kan då klikke på X til høgre i søkefeltet for å fjerne det førre søket.

Når du har gjort eit søk, vil du sjå søketreffet ditt på denne måten:



1. Søkefelt
2. Klikk på X for å nullstille søkefeltet
3. Tal treff på søkeordet i den valde mappa, her er det Foto
4. Tal treff på søkeordet i dei andre mappene
5. I venstremenyen kan du orientere deg vidare i den mappa du er i

I dette dømet er det gjort søk på ordet "hest". Det gir 1753 treff i mappa *Foto*, 1 treff i mappa *Foto til nedlasting*, 4 treff i mappa *Musikk* og 13 treff i mappa *Lyd og levande bilete*.

Du kan deretter utforske dei ulike mappene, og snevre inn søket ditt med å til dømes bruke filter for årstal eller kommune i venstremenyen.

- **Obs:** Dersom du får treff både i *Foto* og i *Foto til nedlasting*, er dette det same biletet i to versjonar, og ikkje to ulike bilete. Dersom målet ditt er å utforske samlingane våre, kan du gjere dette i *Foto*, der du finn heile utvalet av digitaliserte bilete. Dersom du ynskjer å berre finne bilete som du kan laste ned i god oppløysing, finn du desse i *Foto til nedlasting*.

Bruk venstremenyen til å utforske arkiva vidare


Venstremenyen vil hjelpe deg til å orientere deg i eller oppdage arkiva våre. Det kan vere særskild utvalde samlingar og arkiv, eller berre emneord som kan vere til inspirasjon for vidare søk.

Etter at du har gjort val i venstremenyen, kan du også bruke det vanlege søkefeltet til å leite vidare i eller snevre inn resultatet du har fått.

Emne

Emne er førehandsbestemde søk som framhevar noko av det vi har i arkiva. Bruk emna som eit startpunkt i utforskinga av arkiva. Det kan og finnast relevant materiale som ikkje kjem med i dette søket, og vi oppmodar til å gjere andre typar søk i tillegg, til dømes kan du sjå nærmare på ei særskild samling.

For å gå tilbake på sida for å velje eit anna emne, kan du trykke på «Opp» øvst til venstre på sida. Dersom du også har valt eit filter i venstremenyen, vil dette framleis vere aktivt.



Her er det valt emnet Stølar i mappa Foto, dette gir 1323 treff. Du kan no gjere vidare søk innanfor emnet i søkefeltet. Dei andre emna forsvinn, men lista kjem attende når du trykkjer på «Opp».

Filter

Dei ulike filtra i venstremenyen kan brukast kvar for seg eller kombinerast. Til dømes kan du finne bileta frå ein fotograf som er frå eit visst årstal, eller ein meloditype frå ein viss kommune. Du kan også bruke filter i lag med andre val i venstremenyen, som emne.

Du kan velje mange filter samtidig, til dømes både 1920-talet og 1930-talet, eller både Springar og Ballade. Dersom du får eit for breitt treff, kan du snevre det inn ved å huke vekk att ulike filter.

- **Obs:** Filteret vil vere aktivt og påverke vidare søk fram til du hukar det vekk att. Du kan også velje "tøm alle" øvst i filtermenyen, for å fjerne alle avhukingane du har gjort.

Kommune 1 ▾

☒ Kvinnherad

☐ Kvinnherad (2020)

Kategori 1 ▾

☐ Arbeidssong

☐ Aukevise

☒ Ballade

☐ Barneregle

Her vil du få søketreff på balladar frå Kvinnherad kommune.

Kommune (Foto, Musikk, Lyd og levande bilete, Brev)

Alt vårt arkivmateriale er registrert med kommunenamn og -nummer slik dei var før 2020-reforma. Difor er det mogeleg å velje både gamle og nye kommunenamn i dette filteret.

- Du kan velje «Sogndal» og få treff på berre bilete frå Sogndal kommune slik kommunegrensa var i 2019 og tidlegare.
- Du kan velje «Sogndal (2020)», og slik få treff på bilete som omfattar gamle Sogndal, Leikanger og Balestrand kommunar, som til saman utgjer den nye samanslåtte Sogndal kommune. Enkeltbilete du får fram i dette søket vil vere merka med dei gamle kommunenamna.

Årstal (Foto, Lyd og levande bilete, Brev)

Du kan velje tiår eller enkelte år. Du kan også velje fleire tiår og/eller enkelte år samtidig for å få breiare treff.

Utvalde arkiv (Foto, Foto til nedlasting, Lyd og levande bilete)

Her finn du arkiv frå ulike arkivskaparar frå fylket, som fotografar, verksemder og produsentar.

Kategori (Musikk)

Filteret vil sortere opptaka i musikkksamlingane etter meloditype/slåttetype.

Utøvarar (Musikk)

Filteret vil sortere opptaka i musikkksamlingane etter utøvarar.

Avsendarland (Brev)

Filteret vil sortere breva etter avsendarland.

Søketips

Stjerne

Bruk stjerneteknet for å få bedre søketreff på enkelte ord.

- Om du søker på *hest* (utan stjerne) får du treff der ordet er skrive på denne måten.
- Om du søker på *hest** (med stjerne) får du i tillegg treff som inneheld orda *hestar*, *hestane*, *hesteskyss* osv.

Hermetekn

For å søke på ei setning eller eit personnamn, bruk hermetekn for å få eit så konkret treff som mogeleg. Med hermetekn får du treff på orda i den rekkefølga du skreiv dei.

- Søk på *Jon Haugen* (utan hermetekn) vil gi relevante treff for namnet Jon Haugen, men du kan også få heilt andre treff som inneheld desse to orda.
- Søk på *"Jon Haugen"* (med hermetekn) gir treff på desse to orda i rekkefølge. Du får slik best svar på om noko er registrert med dette namnet.

Får du ingen treff?

- Det kan skuldast at dine tidlegare søk er aktive. Pass på at du har tømt søkefeltet med X, og at du ikkje har huka av filter eller gjort andre val i venstremenyen som hindrar det nye søket ditt.
- Prøv å forenkle søket ditt. Bruk meir generelle ord, stjernetekn eller ulike stavemåtar.

Får du alt for mange treff?

- Prøv å søke på meir konkrete ord, eller bruk fleire ord i samanheng. Til dømes kan du søke på ulike motivord saman med stadnamn eller personnamn i søkefeltet.
- Bruk ulike filter for å avgrense søket ditt.
- Prøv deg fram for å gjere deg kjend med korleis du får gode treff for det du leitar etter.

Vil du nullstille søket ditt og starte på nytt?

Gå attende til portalsida for å byrje eit nytt søk. Trykk på logoen til Vestland fylkeskommune øvst til venstre på sida for å gå til portalsida.

Vil du leite i eitt visst utvald arkiv?

- Vel arkivet frå venstremenyen: ein fotograf, ei verksemd, ein produsent osv.
- Dersom du er interessert i innhald i arkivet som frå ein viss tidsperiode eller ein viss kommune, vel desse filtra.
- Dersom du vil finne innhald frå dette arkivet utifrå ulike stikkord, kan du bruke søkefeltet øvst. Hugs å krysse vekk att søkeordet ditt dersom du ikkje vil at det skal påverke vidare søk.

Vil du finne innhald frå eit visst tiår?

- Vel tiåret du er interessert i frå filtermenyen
- Søk på relevante stikkord i søkefeltet, eller vel eit emne frå menyen.

Kombiner emne med ulike filter

Du kan velje eit interessant emne, og deretter finne ut om emnet har innhald frå eit visst årstal eller ein viss kommune.

Du har funne noko interessant, og vil sjå alt innhaldet i det tilhøyrande arkivet eller samlinga

Vel fana "*Samling*" når du er på objektsida, og søk på samlingsnummeret som du finn her.

Du har funne noko interessant, og vil sjå meir innhald knytt til dette

Tekst på objektsidene som er i blå boksar fungerer som lenkjer. Her kan du trykke deg vidare for å til dømes sjå alle foto tekne av ein viss fotograf, alle musikkstykkje frå ein viss utøvar eller komponist, alle brev skrivne av ein viss person, osv.

Lukke til med søkinga!

Fann du ikkje svar på det du lurte på? Ta kontakt med oss på arkivet på post@vlfk.no